



nve@nve.no

Dykkar ref.: 202412996-2

Leikanger den 19.11.2025

Sogndal kommune, Hermansverk - Søknad permanent løyve til uttak av grunnvatn - Høyringsfråsegn - 202412996

Leikanger jakt og fiskelag viser til spurnad frå NVE frå 7.10.2025 om innspel til søknad om permanent uttak av grunnvatn i Riverdalen, Hermansverk.

Oppsummering

Henjaelvi er eit sentralt landskapselement for Leikangerbygda. Elva er no utbygd og utnytta for fleire føremål. Det no omsøkte tiltak vil berre tilleggspåverke den sjønære delen av elva. LjF meiner tiltaket ikkje kan vurderast isolert, men sjåast saman med alt ferdigstilte tiltak under eitt. Utbyggjarane må samla samarbeide om plan og tiltak som viser korleis restverdiane i elv og elvedal kan tilretteleggast også som natur og ressurs. Det må setjast tiltakskrav som sikrar at elva for ettertida ikkje berre viser kor brutalt eit vassdrag framleis i 2025 kan utnyttast til særinteresser.

Innleiing

Sogndal kommune søker om å få gjere tidlegare mellombels løyve til uttak av grunnvatn i Riverdalen på Hermansverk permanent. Føremålet er å få etablert/stadfest eit beredskapsanlegg for drikkevassforsyninga for Leikanger. Anlegget er omsøkt for kontinuerleg uttak av vatn. Når vasskjelda ikkje er bandlagt i beredskap, er det planlagt å inngå avtale med Osland Genetics om at uttaket skal kunne nyttast som supplerande vasskjelde for setjefiskproduksjon. Å bidra til å sikre arbeidsplassar er eit uttalt argument for dette. Leikanger jakt og fiskelag (LjF) har fått oversendt søknaden til uttale. Vi har tidlegare gjeve uttale til søknad om mellombels løyve til uttak av grunnvatn i skriv frå 19.8.2018.

Generelt

Som aktør i lokalsamfunnet meiner LjF at det er samfunnsnytte i å få etablert reservevasskjelde. Å formalisere ei mellombels løysing som alt er utprøvd synest generelt då å vere bra. Vi vil i våre kommentarar til søknaden rette merksemd mot interesser knytt til føremåla for laget sitt arbeid og funksjon i bygda. Funksjonar som også har stor verdi for samfunnet. Jamfør her at dei våre overordna formål våre er nasjonalt formulerte av Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF), [sjå NJFF § 2 Føremål](#). Vi viser her til andre avsnitt i formålsparagrafen, som også gjeld for oss:

NJFF/LjF skal arbeide for å sikre allmenta sin tilgang til naturen, berekraftig hausting, god naturforvaltning og vern av miljøet.

Merknader

Sogndal kommune opplyser på side 2 i søknaden at tiltaket ikkje påverkar allmenne interesser. LjF meiner dette er eit for snevert vurderingsperspektiv for tiltaket som no er ynskt permanent.

Som kommunen er vel kjend med, og kan hende også NVE, har LjF i mange ti-år vore ein aktiv aktør for å synleggjere og fremje vilkår for, verdier i og gleder som ligg i fiske, friluftsliv og jakt. Aktivitetane har vore målretta mot barn, unge og foreldre gjennom samarbeid med barnehagar, barne- og ungdomsskulen. Eit viktig moment i dette har m.a. vore utdeling av fiskeutstyr til dei unge. Vidare har laget arrangert tilbod direkte retta mot flyktningar og framandarbeidarar – då både som retta presentasjon av aktivitetar i naturen, men også som ein inngang til ein særnorsk rett heilt ukjend for mange – allemannsretten. Ein rett som gjev stort rom for å ferdest i naturen med vide, men ikkje på heilt frie vilkår. Nemnast kan også profileringa av laget på haustmarknaden «Fruktbare dagar» på Hermansverk der smaksprøver av vilt og fisk henta i lokal natur og tilrettelagt på staden, vert tilbydd ein kvar som kjem forbi. Kort oppsummert aktivitetar som kan gje born, ungdom, foreldre, fast- og mellombels buande sambygdingar kunnskap om, opplæring i og erfaring frå det å vere ein del av naturen. Samt vise kor attraktivt det er å vere brukar av naturen.

Gamle Leikanger kommune er typisk Vestland – høge fjell, stup og lier, og brattfalne elver. Eldorado for vidarekomne, men med få arenaer for nybyrjarar og litt vidarekomne. Hovudelva vår, Henjaelvi, er for nybyrjarar ikkje noko pedagogisk ideelt vassdrag. Men det er no ein gong elva i bygda der vi bur. Og næraste og lettaste tilgjengelege stad for ferskvassfiske.

Dei siste tiåra har Henjaelvi vore gjennom omfattande inngrep og bandleggingar. For ferskvassfisket var det nye drikkevassanlegget heimst i dalen særst negativt då restriksjonar bandla tre km av den lettast tilgjengelege elvestrekninga. At nedste og sjønære del av elva no skal tilretteleggjast som beredskapskjelde for drikkevatt, er i vårt perspektiv ikkje eit tiltak som er utan effekt for allmenne interesser, slik det er hevda i søknaden, sjå side 2 Samandrag. Vi forstår den påstanden som bygd på at søkjar berre ser på tiltaka i aktuelt nærområde, Riverdalen, heilt isolert. For vår del meiner vi at eit kvart tiltak i eit så utnytta elvefar som det Henjaelvi no har, må sjåast opp mot verdier i og av elva som eit heile. Og vi kan som døme ikkje sjå at ferskvassfisket har fått noko att av dei store utbyggingane. Tvert om.

At kommunen vil auke utnyttinga av vassdraget utan å sjå omsøkte tiltak saman med effektar av tidlegare tiltak, er skuffande. No skal siste drope av unytta vassressursar takast ut utan at effektar av dei mange tiltaka skal vurderast, og om mogeleg avbøtast. For aktiviteten ferskvassfiske ser det ut som om det er meint at utbygging og byggeprosess skal vere endetida for dette.

Kvar er vurderingane som seier noko om kva restverdier som ligg att i vassdraget no når særinteresser får tilfredsstilt sine behov? Og tankane om korleis kan desse gjerast tilgjengelege? Kva nytt rom for tilrettelegging har alle tiltaka skapt? Ikkje berre er vassinntaket flytt sju km opp i dalen. Vegen inn dalen er forlenga – noko som gjer større delar av elva meir tilgjengeleg. Kva potensial ligg i det? Dette framstår som oversett i ei tid der det synest å vere innlysande behov for å auke kunnskap hjå folk flest om glede, nytte og erfaring i og frå ferdsle og bruk av naturen. Noko som LjF som påpeikt i mange år i våre nærområde har arbeidd med å utvikle grunnlaget for hjå born og ungdom.

Vi merkar oss at det i søknaden er peikt på at etablering av reservevasskjelde vil bidra til å sikre arbeidsplassar i oppdrettet. Vi vil hevde at strukturert aktivitet og tilrettelegging for bruk av natur, inkludert her aktivitetar i Henjaelvi, også må sjåast som bidrag til å sikre lokale arbeidsplassar. I

barnehagar, skule og flyktningmottak. Å lære om natur og verdien i å kunne ta den i bruk, i vår tid og tradisjon og med gjeldande rettsrammer, vil kunne gje den einskilde inntrykk og minne som påverkar vidare ferd i livet. Dette både for bygdefolk og korttidsbuande. Vi saknar til dømes refleksjon og tankar kring kva funksjon lokal natur skal ha for bebuarar på flyktningmottaket på Hermansverk – det er vel kanskje tenkt som noko meir enn berre oppbevaring? Same kva historie den einskilde flyktning kjem frå og forlet mottak med, er opphaldet eit høve til å lære noko nyttig og verdfullt.

Innspel

Det er vårt inntrykk at ei etablering av reservevassskjelde i Riverdalen vil medføre at Henjaelvi er utnytta like frå Trastadalsvatnet til Sognefjorden. Då må det vere rett tid for alle instansar som har fått løyve til å ta ut verdiane frå vassdraget, å gå saman om å greie ut kva tiltak som må setjast inn for å gjere elva tilgjengeleg og attraktiv for allmenta sin tilgang til naturen, samt utvikle grunnlaget for berekraftig hausting av produksjonen i elva. Og ikkje minst at det vert fastsett vilkår som fører til at ressursar til tiltak og vedlikehald av dette kjem til gode for lokalbefolkninga. Vi er innforstått med at elva er sterkt regulert og vil vere det i lang tid. Då bør restverdiane sikrast og tilretteleggast som arena der natur og brukarar kan møtast mest mogeleg. Dette meiner vi bør gå framom tiltak innanfor tradisjonelt naturvern i Henjadalen generelt og langs Henjadalselvi spesielt.

Når det gjeld innspel til kva som kan gjerast, vil vi som grunnlag for diskusjon om korleis elva kan utviklast, vise til rapportane 1118/2008, pkt 6.1.7 side 28. og rapport 1358/2010, side 10-13, begge utarbeidd av Rådgivende biologer. Vurderingar bør også gjerast for den meir sjønære delen av elva. I slike vurderingar bidreg LJF gjerne med innspel og kommentarar.

Vi vonar styresmaktene har vilje til å sjå Henjaelvi som eitt i denne saka, og bidra til at innbyggjarane i bygda i overskodesleg framtid både kan sjå og nytte elva i eit breitt perspektiv. Og ikkje berre ha elva som eit tidsbilete av kor mykje eit vassdrag teknisk kunne modifiserast for bruk til særinteresser først på 2000-talet.

Med helsing
Leikanger Jakt og Fiskelag

Svein Inge Lundheim (sign)
leiar

Org.nr. 986 276 335